



Arkivnr: 2016/8534-118  
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert saksframlegg

Direktør samferdsel etter fullmakt

## TILDELING AV LEDIGE DROSJELØYVE I BERGEN KØYREOMRÅDE APRIL 2017

### Samandrag

Ved denne tildelinga er det 3 ledige drosjeløyve. I følgje regelverket skal løyve tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildelinga av drosjeløyve 03.04.2017 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 14.09.2016.

Tildelinga skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43-44.

**Dei som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektøren sitt vedtak 03.04.2017 må vende seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar i Bergen Taxi.**

I følgje gjeldane regelverk må søkjar til drosjeløyve dokumentera at dei har god vandel, tilfredstillande økonomisk evne og faglege kvalifikasjonar før drosjeløyve kan tildelast. Desse må oppfyllest før ansiennitetsprinsippet vert lagt til grunn for tildelinga. Dei aktuelle søkjarane for tildeling av løyve har fått melding om at dei må levera inn dokumentasjon i samsvar med gjeldane regelverk.

Etter å ha vurdert saka i samsvar med reglane i yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport finn fylkesdirektøren å kunne fatta fylgjande

### vedtak

Med heimel i yrkestransportlova § 9 jf. Forskrift om yrkestransport §§ 6-8 og §§ 43-44 finn fylkesdirektøren å kunne tildela drosjeløyve:

1. R- 627 til Yosief-Yemane Fkak
2. R- 634 til Linda Irene Aadland
3. R- 636 til Aslan Gadojev

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy  
spesialkonsulent

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesdirektør samferdsel, 03.04.2017

### 1 Samandrag

Ved denne tildelinga er det 3 ledige drosjeløyve. I følge regelverket skal løyve tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildelinga av drosjeløyve 03.04.2017 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 14.09.2016.

### 2. Lovheimel

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse basiskrava er kumulative, det vil seie at alle må vere oppfylt før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektøren har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

**God vandel** skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelsvurdering vert gjort kvart tredje år.

**Tilfredsstillande økonomisk evne** inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

**Tilstrekkeleg fagleg kompetanse** inneber i følge forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

### 3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

**Yosief-Yemane Fkak** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 2 månader og 2 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Yosief-Yemane Fkak har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-627 til Yosief-Yemane Fkak.

**Linda Irene Aadland** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Linda Irene Aadland har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-634 til Linda Irene Aadland.

**Aslan Gadojev** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 2 år, 11 månader og 24 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Aslan Gadojev har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-636 til Aslan Gadojev.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyva innan **03. juli 2017**.